


Masfjorden kommune

v/ Thomas Skår


saknr: 19/421



Utgreie om tilhøve, bygg i sjø.

Vil med dette utgreie kva som er under bygging ved eigendommen min på Hosteland. Grd 14, br 10.

Eg har konstruert ein husbåt utforma som ei 'fyrlykt' som eg har plassert på ein 8-kanta flytande ring konstruert for oppdrettsindustrien. Husbåten ligg ved mi eiga brygge og kan med enkle grep flyttast dit ein måtte ønskje. 'Båten' er cirka 16 meter lang og 14 meter brei. Skroget har ei oppdrift på 27t og der er i tillegg lagt inn 5 x 1t flyteelement for å betre tryggleiksmarginane ved stor snølast o.l. Husbåten sitt overbygg er om lag 108m<sup>2</sup> som er delt i 2 like spegelvendte einingar, kvar med 2 doble lugrarar, bad, bysse og oppholdsrom. Der vil verte installert flytande septiktank og vanntankar med pumpe. Husbåten har ikkje fast framdriftsmaskineri men ein motorbrakett vert montert for utanbordsmotor. Dette for å kunne flytte den til vinter opplagsplass.



Plass for motorbrakett og tilgang til areal under overbygg.